



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2016/1020-2005/2017
Arkiv: 151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
35/17	Formannskapet	19.04.2017
15/17	Kommunestyret	19.04.2017

Saka gjeld: **SANDE KOMMUNE - REVIDERT INVESTERINGSBUDSJETT 2017**

Tilråding:

Kommunestyret viser til saksframlegg med vedlegg, og godkjenner med dette eit revidert investeringsbudsjett for 2017 med ei samla investeringsramme 37 mill kr.

Den samla investeringsramma vert finansiert gjennom nødvendige låneopptak og ubrukte lånemidler som vist i saksframlegget.

Særutskrift:

Vedlegg:

- Rådmannen sitt reviderte investeringsbudsjett for 2017.

Samandrag av saka:

Sande kommune sitt investeringsbudsjett for 2017 vart vedteke i k.sak 88/16.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i høyringssvar til budsjett/økonomiplan, og i møte med kommuneleiinga i samband med kommunen sin ROBEK-status, uttrykt at skissert lånebehov jf. kommunen sitt vedtekne budsjett for 2017 er noko høgare enn det Fylkesmannen kan godkjenne.

Signala frå Fylkesmannen går på at kommunen kan pårekne å få godkjent nye låneopptak tilsvarande det kommunen betaler i avdrag. Lån til VAR-investeringar og startlån kjem i tillegg.

Saksopplysningar og vurderingar:

Sande kommune vart innmeldt i ROBEK-registeret i oktober 2016, med grunngjeving i at kommunen i 2016 ikkje ville klare å dekke inn 2014 driftsunderskotet på 1,6 million kroner. Innmeldinga har praktisk/økonomisk verknad frå og med rekneskapsåret 2017.

Konsekvensen av innmeldinga i ROBEK er at kommunen er pålagt å utarbeide ein forpliktande plan for å vinne att økonomisk balanse. Både den forpliktande planen, budsjett, og økonomiplan skal godkjennast av Fylkesmannen. Vert planen underkjent, til dømes fordi den manglar realisme, er for lite konkret med vidare, så vil heller ikkje sjølve budsjettvedtaket som kommunestyret har fatta vere gyldig. Sande kommune har i k.sak 88/16 gjort vedtak om slik forpliktande plan.

Gjennom høyringssvar til budsjett/økonomiplan, og i sær møte med kommuneleiinga i Sande, har Fylkesmannen m.a. peikt at skissert lånebehov i høve investeringsdelen av budsjettet er noko høgare enn det som kan godkjennast. Signala frå Fylkesmannen går på at kommunen utover unytta lånemidlar kan få godkjent nye låneopptak tilsvarande det kommunen betaler i avdrag. Lån til VAR-investeringar og startlån kjem i tillegg. I vidare arbeid med revisjon av investeringsdelen av budsjettet er det lagt til grunn at Sande kommune har unytta lånemidlar pr. 1.1.2017 tilsvarande 13,8 14 mill., medan budsjetterte avdrag utgjer 8,7 mill.

Rådmannen sitt forslag til revidert investeringsramme er på 37 mill., jf vedlegg

Finansieringa av tiltaka er framlagt slik:

Finansieringsbehov	37000
Finansiering	
Ubrukte lånemidlar	14000
Nye lånemidlar	3000
Nye lånemidlar til VAR	14200
Nye lånemidlar til Startlån	1000
Overtaking/auke av gjeld	4800
Sum ekstern finansiering	37000

Ang brannbil:

Brannbil er sett i bestilling. Levering vil skje tidlig 2018. Finansieringa går derfor over to år.

Ang Haugelia barnehage:

Prosjektet er starta opp og byggeprogrammet i er i hovudsak ferdig. Anbudsprosess kan vere ferdigstilt i løpet av sommar/tidlig haust med byggestart til hausten og ferdigstillelse i 2018. Finansieringa går derfor over to år.

Ang omsorgsbustader:

Tiltaket er retta mot realisering av 2 stk omsorgsbustader i tilbygg til Elvebakken. Dei 2 bustadane er tenkt å ha ei best muleg fleksibel drift der også store avlastningsbehov for unge brukarar skal løysast. Den skisserte løysinga vil være driftsmessig effektiv og den vil redusere dagens behov for eksterne tenester. Anbudsprosess kan vere ferdigstilt i løpet av haust med byggestart til sein hausten og ferdigstillelse i 2018. Finansieringa er planlagt over to år.

Ang VAR:

Investeringa til VAR er basert på sjølvkost, og vert fult ut finansiert gjennom inntekter frå vatn, avløp og slam.

Ang Haumarkja barnehage:

Hauemarkja barnehage er pr i dag ein privat barnehage. Barnehagen og kommunen er samde om kommunal overtaking i løpet av 2017. Ein slik overtaking medføre at Sande kommune tek over gjeld på om lag 4,8 mill. Dette vil medføre ei auke i kommune sine finanskostnader på ca 0,4 mill. kr pr år. På same tid vil ei overtaking medføre ein kostnadsreduksjon for Sande kommune på om lag 0,88 mill. kr. Totalt sett vil altså ei overtaking av Hauemarkja barnehage generer eit positivt økonomisk tilskot til kommune.

Driftsmessige konsekvensar:

Finanskostnader	<ul style="list-style-type: none">• Kr 80.000 pr mill. låneopptak.
Endringar i andre driftskostnader	<ul style="list-style-type: none">• IKT - tiltaket vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnadar.• Gjerdsвика hamn – tiltaket isolert sett vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnadar.• Grunnkjøp bustadfelt – tiltaket isolert sett vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnadar.• Kommunal vegar - tiltaket isolert sett vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnadar.• Veglys – administrasjonen legg fram saka med sikte på at antal nye lyspunkt ikkje skal auke. Tiltaket er retta mot ny teknologi som skal med dette redusere energibehovet – og dermed energikostnader.• Planleggingskostnader – prosjekter er under arbeid og oppdragsavtaler er inngått. Tiltaket medføre ikkje auke i andre driftskostnadar.• Gateadressering – tiltaket er retta mot skilting av vegar. Slike skilt vil medføre eit auka vedlikehaldsbehov i framtida, men dette er vanskelig å talfeste og ein må kunne

legge til grunn at det ikkje gir auka driftskostnader dei første åra.

- Brannbil – tiltaket vil medføre ein reduksjon i dagens driftskostnader (vedlikehald) på brannbilmateriell.
- Hauglia Barnehage – auka kapasitet medføre auka bemanning med tilhøyrande driftskostnader. Drifta må likevel sjåast i samanheng med øvrige barnehagar.
- Utstyr øyeblikkelig hjelp – ny teneste. Organisering og drift er avklart i tidligare sak og eigen avtale med helseforetaket er inngått – ytterligare driftskostnader utover dette er ikkje vurdert.
- Tryggheitsalarm – Isolert sett skal ikkje tiltaket medføre auke i andre driftskostnader.
- Larsnes sjøfront – tiltaket isolert sett vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnader. Prosjektet er starte gjennom utbyggingsavtale med utbygger, og er planlagt slutført i 2017.
- Sandetun inventar - tiltaket isolert sett vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnader.
- Omsorgsbustader - Tiltaket er retta mot realisering av 2 stk omsorgsbustader i tilbygg til Elvebakken. Den skisserte løysinga vil være driftsmessig effektiv og den vil redusere dagens behov for eksterne tenestekjøp.
- Elverom/Haugatun - tiltaket isolert sett vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnader.
- Parkering Sandetun - tiltaket isolert sett vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnader.
- Overtaking Hauemarkja – tiltaket vil sjølv med auka finanskostnader ha eit positivt driftseffekt på om lag 0,5 mill. kr.

- VAR – Evt auke i driftskostnader går inn i sjølvkostberekninga og vert dekt gjennom inntekter frå vatn, avløp og slam.

- Startlån - tiltaket isolert sett vert ikkje vurdert til å medføre auke i andre driftskostnader.
- Fleirbrukshall forskotering av gjeld – ein legg til grunn at ein får til ein avtale med Larsnes IL som ikkje medføre finanskostnader. Vidare legg ein til grunn at dagens ordning med tilsyn vert vidareført med idrettslaget.

Konklusjon:

Basert på det omstillingsarbeidet som no pågår i Sande kommune, samt den dialogen som har vore med Fylkesmann, vil rådmannen rå til vedlagte reviderte investeringsbudsjett for 2017.

Tilrådinga vert lagt fram med eit forbehold om at Fylkesmannen kan godkjenne det reviderte investeringsbudsjettet.

Tiltaka er realistiske å gjennomføre med gjeldande kapasitet, og fleire av tiltaka vil kunne gi ei positiv effekt på drifta. Fleire av investeringane er også retta mot det å få meir etablering i våre bygder – både næringsetablering og bustadetablering. Dei prioriterte investeringane vil med dette legge til rette for framtidig auka aktivitet i våre bygder.

Larsnes, 11.04.2017

Asle J. Giske
rådmann

Asle Giske
rådmann

Sande kommune - revidert investeringsbudsjett 2017

Tiltak 2017

Revidert 2017 (eks mva) Låste tiltak for 2018

Omtale av prosjekta

lkt

1750

700' er låst til avtaler med SSIKT. Resterende sum er i hovudsak behov knytt til nettverk og PC-er i skulen: 1) Dekning på heile omsorgssenteret, avgjerande for utvikling av tenestene - svært viktig. 2) Ascom anlegg på Haugetun. Avvikling av tryggleiksalarmar, viktig for tryggleik og rasjonell drift 3) E-rom. Prosjekt i 7-stjerna, kvalitetsssikring av tenestene, pasientopplysningar m.m. Viktig pilot. 4) Investering på innkjøp av data til skulane. Grunnar til at IKT-investeringane i grunnskulen ikkje kan vente: a) Eksamen 10. klasse skal løysast med dynamisk teikneprogram og rekneark – krev systematisk opplæring og nokk utstyr ved avviklinga av eksamen. b) Pålagte kartleggingsprøver og eksamen skal gjennomførast digitalt c) Berbare maskiner vert rekna som standardutstyr, og vert ikkje dekt av hjelpemiddelsentral etc. Mange elevar har rett til maskin. d) Kravet til digitale ferdigheiter i skulen, jfr. grunnleggjande ferdigheiter i LK06 e) Eleventalet gjer at vi må for å kunne ha fleksibilitet ligg på om lag 1 maskin pr 2 elev. f) Utdatert utstyr som må oppgraderast g) Berbare pc gir betre læringsmiljø med færre overgangar for elevane og større fleksibilitet h) Bærebar pc og IPAD gir betre rom for stasjonsundervisning – meir variert og praktisk undervisning i) Gursken t.d. Har pr. i dag 27 berbare pcar – noko som gir liten fleksibilitet – køliste til klassane for å få tilgong j) Den digitale utviklinga/det digitale samfunnet har løpt frå skulen!! k) På trappene revisjon av læreplan der det digitaliserte samfunnet med sine krav til kompetanse aukar skulane sitt ansvar for å bu elevane til å meistre teknologutfordringane!		
Gjerdsvika hamn grunnkjøp / inv. veg	1600	Grunntingane i Gjerdsvika hamn er ferdig, og ein ein vil før ferien gjennomføre hovedforhandlingar der verdifastsettesle av grunnkjøp vert fastsett (avtaleskjønn og oreigningsskjønn).
Grunnkjøp bustadfelt	4000	Grunntingane i Storehaugen er ferdig, og ein vil etter ferien gjennomføre hovedforhandlingar der verdifastsettesle av grunnkjøp vert fastsett (avtaleskjønn og oreigningsskjønn).
Bustadfeltutbygging	800	Midlar til feltutbygging i henhold til vedtektne prosjekt. Haugelia Vest (6 tomter) er oppstarta og pågår no. Vidare vil Storehaugen, Gjerde/Rise og Almedstad være felt som kjem til utføring i plaperioden.
Kommunale vegar	500	Behovet for oppgradering av kommunale vegar er svært stort.
Nye Veglys	300	Nye veglys har vore eit interkommunal prosjekt der målet har vore å erstatt gamle energikrevande lys med nye LED-lys, dvs også eit ENØK- og miljøtiltak.Frå 2017 er lyskilder til HQL-armaturer utfasa - tiltaket er dermed nødvending om ein skal oppretthalde dagens dekning av veglys.

Planleggingskostnader	600	Denne posten er tenkt nytta til detaljplanlegging av tiltak/områder som inngår i kommunas sin arealplan. Det er spesielt planleggingsprosjekt knytt til trafikktrygging som har vore i fokus. Sambindingsveg i Haugsbygda, ganveg Vik-Sætre og Hallekryssset/Skulekryssset på Larsnes er prosjekt som pågår. Vidare har Sande kommune starta arbeid med eit interkommunalt planarbeid for kystsona saman med 4 andre kommunar på Søre Sunnmøre.	
Gateadressering	125	Prosjektet er i sluttfasen der namn og veglenker er bestemt. Kostnader er knytt til innkjøp og oppsetting av skilt.	
Ny brannbil	1000	2200	Ny brannbil(mannskapsbil) er bestilt jfr egne vedtak Fsk/Kst. Levering vert årskiftet 2017/2018
Haugelia barnehage	2000	4800	Tiltaket omfattar utviding av Haugelia barnehage frå 1,5 avd til 2,0 avdeling. Viser her til egne vedtak Kst. Oppstart hausten 2017 og slutføring i 2018
Utstyr øyeblikkeleg hjelp	250		I samband med samhandlingsreform og øyeblikkeleghjelpfunksjonen må det investerast i medisinsk utstyr.
Trygghetsalarmer	200		Tiltaket er retta mot investeringar for å anskaffe fleire nye digitale trygghetsalarmer. Slike digitale trygghetsalarmer er første fase av ei rekke tiltak som no vil kome innan området velferdsteknologi. Endring frå analoge til digitale systemer skjer no som følge av at det analoge telenettet no vert fasa ut. Som følge av digitalisering må også nytt responscenter på plass.
Larsnes sjøfront	800		Tiltaket er ein del av tettstadsprosjektet framfor Larsnes Brygge og som tidlegare er vedteke. Det er inngått utbyggingsavtale med utbygger der kommunen må realisere sin andel i 2017 .
Sandetun - inventar	300		Etter ombygninga av Sandetun er det noko behov for div inventarfornylser/supplement .
Omsorgsbustader/Sandetun	1000	2000	Tiltaket er retta mot realisering av 2 stk omsorgsbustader i tilbygg til Elvebakken. Dei 2 bustadane er tenkt å ha ei best muleg fleksibel drift der også store avlastningsbehov for unge brukarar skal løysast. Den skisserte løysinga vil vere driftsmessig effektiv og den vil redusere dagens behov for eksterne tenester. Oppstart hausten 2017 og fullføring i 2018.
Elverom/Haugatun oppgradering	775		Tiltaket omfattar bygningsmessig oppgradering av Elverom og Haugatun - både varme/ventilasjon og andre tekniske installasjonar er moden for fornying og oppgradering
Parkering i Sandetun området	1000		Dette tiltaket er ein del av Sandetun utbygginga som ennå ikkje har vorte realisert. Det nye parkeringsarealet skal betre den prekære parkeringssituasjonen ved Sandetun og er tenkt etablert nord for Elverom.
Overtaking Hauemarkja barnehage	4800		Gjeld overtaking av Hauemarkja barnehage og lån knytt til denne . Jfr Kst vedtak 82/16 Overtaking vert frå 01.07.2017. Overtakinga av lån vil medføre at kommunen si gjeld vil auke med 4,8 mill. På den andre sida vil 1) kommunen sine inntekter auke og 2) kommunen sine driftskostnader vil verte redusert. Dei auka inntektene og dei reduserte kostnadane vil fullt ut dekke dei auka finanskostnadane som følge av overtaking av lån.

Del A **21800** **9000**

Avløpsplan (oppgradering av avløpssystem)	2200	VAR vert innekt gjennom sjølvkost. Tiltaket omfattar utskifting av eldre pumpestasjonar og utbetring og utviding av eksisterande avløpssystemet
Vassplan (oppgradering vasssystem)	12000	VAR vert innekt gjennom sjølvkost. Det pågår eit omfattande utgreiingsarbeid innan vår framtidige vassforsyning. Uavhengig av kva løysing som vert valgt vil dette medføre store investeringar. Tiltaket omfattar også utbetring og utviding av eksisterande vassforsynings-system
Del B	14200	
Startlån (husbanken)	1000	Ordninga med startlån skal bidra til at personar som ikkje får ordinære lån gjennom bank likevel skal kunna få ei mulighet til å kjøpe eigen bustad. Sande kommune har søkt husbanken om 1 mill i nye startlånmidler.
Del C	1000	
Fleirbrukshall restfinansiering	4000	Gjeld restfinansiering av Fleirbrukshallen på Larsnes. Pr i dag er prosjektet betalt av Sande kommune, men der er ein dialog med Larsnes IL om vidare delbetaling.
Del D	4000	
Samla investering 2017		
Del A	21800	
Del B	14200	
Del C	1000	
Del D	4000	
	41000	
Finansieringsbehov	41000	
Del D - Fleirbrukshall	-4000	Gjeld restkostnad fleirbrukshall - Sande kommunenog Larsnes IL er i dialog om vidare nedbetaling av restkostnad.
	37000	
Del A - Ubrukte lånemidler	-14000	
Del A - Nye lånemidler 2017	-7800	
Del B - Nye lånemidler VAR 2017	-14200	Dei auka lånemidlane vert finansiert gjennom inntekter frå VAR (sjølvkost).
Del C - Nye Lånemidler Startlån 2017	-1000	
	-37000	